

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.30 Til kl. 22.30
Aurland	Fjellstyret	Fjordsenteret	17.3.22	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, Leif Turlid, Tor Olav Kvam

**Vara-
medlemar** Ingen

Andre Håkon Øydvin, Knut Fredrik Øi, Harald Skjerdal

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

7/22, 8/22, 9/22, 10/22, 11/22

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 17.3.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 7/22. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 8. februar
- 2) Avtale med NINA v/Olav Strand om innlegging av vektdata frå Nordfjella i Hjorteviltregisteret (40 t)
- 3) Brev frå Hafslund – Eco 16. februar: melding om vedlikehaldstiltak ved reguleringsanlegg Svartavatn og store Vargevatn 2022
- 4) Fagsamling med SNO og politiet halde i Sogndal den 18. februar
- 5) 21. februar: Brev frå revisor Gunn Irene Sviggum Bruheim i Deloitte AS om ev skatteplikt for den delen av fjellstyret sine inntekter som kjem frå utleige av arbeidskraft. **Merknad:** Fjellstyret avventar svar frå NFS på dette spørsmålet, før noko meir vert gjort.
- 6) 21. februar: Revisjonsmelding frå fjellstyrerekneskapen for 2021, Deloitte AS v/Gunn Irene Sviggum Bruheim
- 7) 22. februar: E-post frå Hardangervidda villreinutval – høyring på forslag til fellingskvote for 2022
- 8) Februar -22: 3 tenestekjøpsavtalar inngått med SNO/Miljødirektoratet
- 9) 1. mars: E-post Hardangervidda villreinutval med invitasjon til villreinmøte i Eidfjord laurdag den 2. april
- 10) 3. mars: SNO har gjennomfør merking i Nordfjella (3 simler) og Raudafjell (2 bukkar)
- 11) 7. mars: Hardangervidda villreinutval kallar inn til årsmøte fredag 1. april
- 12) 7. mars: Melding frå Viken fylkeskommune: Varsel om oppstart – Felles sti- og løypeplan for Nordfjella med Raudafjell
- 13) 10. mars: E-post frå NFS med svar på spørsmål frå fjellstyret v/Håkon om høve til å innhenta spørsmål om bustadkommune frå folkeregisteret i samband med søknader om reinsjakt

Aurland, den 23.3.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og varamedlemene

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 17.3.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 7/22, framhald:

- 14) 10. mars: E-post frå NFS v/Sten Rune Jensen: Møte i Eidfjord den 1. april med tanke på val etter vedtektene i NFS
- 15) 8.-11. mars: Minimumsteljing av rein i Nordfjella
- 16) Årsmøte i Aurland Setjefisk halde den 1. mars
- 17) Årsmøte i Aurland hjorteutval skal haldast den 30. mars
- 18) Kontakt med grunneigar på Frønningen om stølshus på Kolaren. Håkon orienterte, og delte ut bilete av bygningen, saman med avtalen som er inngådd mellom fjellstyret og allmenningsstyret om hytter lenger nede i dalføret. Fjellstyret ser positivt på å vera med å restaurera selet, dersom det kan gje ålmenta tilgang på same måten som det som er tilfelle for allmenningsstyret sine hytter.
- 19) Harald orienterte om tilbod om ekstra tenestekjøp frå landbrukskontoret ÅLA, i tillegg til avtalen som gjeld kommunal viltforvaltning:
 - 125.000 til regionalt cwd-arbeid
 - 130.000 til GIS-arbeid, valdkart hjort og elg

Sak 8/22. Søknad frå skyttarlaga Blåfjell og Undredal om jakthelg i Nordheimsdalen, tildelt etter trekning mellom deltakarar i jaktkarusell

Saksutgreiing vedlagt søknad låg føre.

Handsaming i møtet:

Tor Olav Kvam gjekk frå som ugild, som styremedlem i Blåfjell skyttarlag.

Det vart presisert i vedtaket at sjølve jakta ikkje skal betalast noko for, men at det vert vanleg kjøtpreis for ev felt hjort.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre ser positivt på søknad frå Blåfjell og Undredal skyttarlag om dagskort for fire personar ei helg i Nordheimsdalen etter 1. november, tildelt etter trekning mellom deltakarar i jaktkarusell. Det skal ikkje betalast for jaktkorta, men viss det vert felt dyr, skal det betalast vanleg kjøtpreis.

Aurland, den 23.3.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og varamedlemene,
Blåfjell skyttarlag v/leiar Arvid Gilje

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 17.3.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 9/22. Utlysing av hjortejakta i Nordheimsdalen, nedre jaktfelt

Saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret meiner at ein må få inn i vedtaket og utlysinga at 50 % av kvoten til jaktfeltet skal vera ungdyr og kalv.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret lyser ut jakta i jaktfelt 1 (nedre felt) i Nordheimsdalen for 2 år, 2022-23. Jaktfeltet vert utlyst med 8 fellingsløyve. Av dette skal 50 % gjelda ungdyr og/eller kalv.

Utlysinga vert gjort på fjellstyret si heimeside og på fjellstyresida i «Aurlendingen,» med søknadsfrist 30 april. Jaktlag som søker må ha minimum 4 deltakarar for å verta med i trekninga.

Sak 10/22. Saker til årsmøtet i villreinutvalet for Nordfjella

Det vart informert om årsmøtedato og -stad; **Aurland den 5. april kl. 18.00**, og om aktuelle saker. M.a. vart førebels oppsummering frå arbeidet i reetableringsgruppa og kvoteforslag frå styret i villreinutvalet drøfta. Fjellstyret har høve til å møte med fleire medlemar, men berre ein har røysterrett på årsmøtet.

Fjellstyret tok orienteringa til vitande, utan at det vert gjort noko vedtak.

Sak 11/22. Høyringssak: Plassering av hytte for innlosjering av personale ved Steinbergdalshytta

Det låg føre e-post frå Statskog SF, vedlagt søknad frå Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret har ikkje merknader til planlagd plassering, men vil peika på at det må takast omsyn til beitebrukarane sin aktivitet i allmenningen, m.a. sankegjerdja som ligg rett nedanfor.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret har ikkje innvendingar mot den planlagde plasseringa av ei hytte for innlosjering av personale ved Steinbergdalshytta, innanfor arealet som hytta har festeavtale for. Fjellstyret vil likevel peika på at det må takast omsyn til beitebrukarane sin aktivitet i allmenningen, m.a. sankegjerdja som ligg rett nedanfor.